

Saksutredning:

MELDINGER TIL VESTLANDSRÅDET MØTE 14.05.2013

Trykte vedlegg: AU-sak 6/13 Ferjedrift
AU-sak 8/13 Forfall på fylkesvegnettet og el-tilstanden i tunneler

Utrykte vedlegg:

M-sak 4/13 Referat fra telefonmøte i AU 11. april 2013 (kl 1200-1250)

Med på møtet var fylkesordførerne Åshild Kjelsnes, Janne Johnsen og Jon Aasen, fylkesvaraordfører Mona Haugland Hellesnes (Hordaland) samt fylkesrådmann Tore Eriksen.

AU-sak 5/13 Grøne kriterium for nye laksekonsesjonar

Høyring på forskrift om tildeling av løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogeare i sjøvatn i 2013

Bakgrunn for saka:

Fiskeri- og kystdepartementet har sendt forskrifta på høyring med svarfrist 18. april d.å. Dei fire Vestlandfylka vil kvar gje sjølvstendige innspel til høyringa. Fylkeskommunane ligg ulikt an i saksførebuingane i denne saka, og kun Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har til no ei ferdigstilt sak. I tillegg syner ein gjennomgang av dei ferdige og uferdige saksutgreiingane at fylkeskommunane har svært ulik tilnærming til problemstillingane som er løfta fram i høyringsnotatet. Desse er, ikkje uventa, i høg grad spegla av næringsstrukturen og særskilde utfordringer i dei respektive fylkeskommunane. Dette gjer det sær s vanskeleg på ein god nok måte å samanfatte ein felles ståstad med Vestlandsperspektiv i denne saka. I dette notatet vert det fokusert på utvalde tema som Vestlandet i fellesskap kanskje kan løfte fram i fellesskap.

Vi kan likevel sjå at alle fylkeskommunane truleg ikkje kan stille seg bak samtlege tema som er løfta fram i dette notatet. Det er da eit spørsmål om ein kan einast om å stø eit «Vestlandsperspektiv» gjennom Vestlandsrådet, samstundes som ein argumenterer for eigne syn i sine «eigne» høyringsinnspel, utan at desse «slår kvarandere i hel». I forslag til vedtak i dette notatet er det difor ikkje fokusert på tema i høyringa der ein oppfattar at vestlandfylka har svært ulikt syn

Kva er «grøne konsesjonar»?

Løyve til havbruk med laks og aure vert tildelt gjennom tildelingsrundar styrt av Fiskeri- og kystdepartementet. Det vil seie at ein avgrensa mengde løyve vert utlyst etter bestemte kriteria som regjeringa bestemmer.

Denne tildelingsrunden i 2013 har, som tidlegare, mål om å leggje til rette for ei berekraftig og konkurransedyktig næring som kan bidra til auka matproduksjon, aktivitet og verdiskaping langs kysten. Nytt ved denne tildelinga er at ein har fokus på å stimulere til utvikling av nye teknologiske eller driftsmessige løysingar, som legg til rette for å redusere miljøutfordringane i akvakulturnæringa. Særleg tek tildelingsrunden sikte på å medverke til å kommersialisere løysingar som er prøvde ut i praksis, forska på og funne å ha gode resultat med omsyn til miljø.

Det skal delast ut inntil 45 løyve, såkalla «grøne konsesjonar», ved denne tildelinga.

Tildelinga er delt i 3 grupper;

- for gruppe A: Finnmark og Troms, 20 stk. løyve med pris kr. 10 mill./stk. Krev innløyising av eitt eksisterande løyve til grøn konsesjon.
- for gruppe B: Open gruppe; 15 stk. løyve med lukka bodrunde. Krev innløyising av eitt eksisterande løyve til grøn konsesjon.
- for gruppe C: Open gruppe for heile landet, 10 stk. løyve med pris 10 mill./løyve, ekstra strenge kriteriumi desse løyva.

Det er ikkje sett avgrensingar på mengda grupper ein enkelt aktør kan søkje om løyve i.

Løyva i denne tildelingsrunden skal tildelast av faggruppe oppretta av Fiskeri- og kystdepartementet for føremålet.

Problemstillingar i utlysinga sett med «Vestlandsperspektiv»

Bør ordninga ha fokus på område der miljøproblema i dag er størst?

I høyringsnotatet er det i kapittelet om «bakgrunn» vist til at tildelingsrunden skal stimulere til utvikling av nye teknologiske eller driftsmessige løysingar som legg til rette for å redusere miljø-utfordringane i akvakulturnæringa. Eitt av hovudmåla er altså og bidra til kommersialisering av ny teknologi og å bidra til utprøving av nye driftsformer. Dette for å redusere negativ belastning på miljøet.

Utifrå denne tankegangen synest det logisk at «grøne konsesjonane» nyttast der belastninga er størst. Teknologien må først og fremst innførast og utprøvast der kor miljøgevinsten er størst. Hardangerfjordregionen, som er Norges største oppdrettsregion, er eit døme på eit område der det kan vere nyttig å prioritere dette konseptet. Ut i frå intensjonen med denne tildelinga, og det faktum at Troms og Finnmark ikkje har nokon særskilde miljøutfordringar samanlikna med resten av landet, synast det uforståeleg at desse fylka er fokusområde for denne typen konsesjonar. Her har ein i praksis eit verkemiddel som kan nyttast å støtte opp under arbeidet til næringa med å handtere miljøutfordringane i fjordsystemet, i staden for å sette ytterlegare krav og restriksjonar i form av auka tal forskrifter (ref. Hardangerfjordforskrifta som er på høyring no). Her har ein eit unikt høve til å spele på lag med næringa.

Tildelinga legg opp til vekst i nord

Vestlandsrådet er skeptisk til at forskrifta legg opp til at Troms og Finnmark er peika ut som området der storparten av vekst skal finne stad. I forskrifta er det ikkje gjeve noko forklaring på kvifor nettopp denne regionen skal prioriterast. Troms og Finnmark fekk i tillegg ein auke i produksjonen for laks og aure på inntil 5 % i 2011, medan resten av landet ikkje fekk del i denne auken pga. utfordringar med lus. Pr. i dag er miljøtilhøva i nord i store trekk betre enn lenger sør, men det er også store regioner lenger sør som både har miljøtilhøve og plass for auka vekst i biomasse utan at dette bør gå på akkord med miljøperspektivet. Dei regionane som har etablert robuste driftsmodellar/soneforvaltning er spesielt egna til å ta del i den vidare veksten. Det bør kunne vere ein overordna gevinst ved denne tildelingsrunden at næringsaktørar kan prøve ut ulike driftsformer og ulike teknologiske konsept tilpassa dei ulike ver-, klima- og miljøtilhøve ein finn langsetter Norskekysten.

Små og mellomstore bedrifter nedprioritert – med unntak i Troms og Finnmark

I høyringsbrevet står følgjande å lese under «bakgrunn»: *«Havbruksnæringa i Noreg er sett saman av aktørar med ulik storleik og eigarstruktur. Det er ein styrke at havbruksnæringa har ein differensiert struktur med både små og mellomstore aktørar. Med denne tildelingsrunden ønskjer regjeringa å bidra til å halde oppe dette mangfaldet.»*

Intensjonen her er god, men det er stor skilnad mellom intensjon og oppfølging. Einaste staden der dei små og mellomstore aktørane (med mindre enn 20 løyve) er prioritert, er i Troms og Finnmark. Det kjem fram at det er berre her dei små og mellomstore aktørane (og dermed ein differensiert næringsstruktur) vert teke vare på, og ikkje langs resten av Norskekysten. Dette kan ikkje vere i tråd med regjeringa sin overordna politikk.

Vi kan då peike på at differensiert næringsstruktur er vel verd å ta vare på også i andre regionar langs kysten. I Sogn og Fjordane er om lag 55 % av løyva eigd hjå små og mellomstore aktørar, i Hordaland er tilsvarande tal 61 %, medan eigarskapen i Rogaland og Møre og Romsdal er dominert av få, store eigarar.

Nå er det sjølvsagt også i teorien mogleg at små og mellomstore aktørar kan søkje/konkurrere om dei «opne løyva» utanom Troms og Finnmark. I praksis kan det vere umogleg for ein aktør med svært få konsesjonar å greie bytte ut alt produksjonsutstyr eller endre totalt på produksjonsrutinar og på den måten makte (økonomisk og/eller ressursmessig) og oppretthalde to ulike driftsregimer på svært få løyve. I så måte har nok større aktørar ei føremon her.

Dei store aktørane har også ei klar føremon i den lukka bodrunda, der boda kan ventast å kome opp langt over dei 10 mill. som er «fastpris». Her vil det vere dei større aktørane som lettast kan skaffe kapital til vege.

Det er i høyringsforslaget ikkje sett avgrensingar i tal løyve ein aktør kan søkje om. Dette vil også kunne bidra til å favorisere større aktørar med god tilgang til kapital, og som allereie er representerte i alle (eller eit fleirtal) av Fiskeridirektoratet sine regionar.

Fylkeskommunane bør med i faggruppa som skal tildele løyva

Vestlandsrådet vil avslutningsvis peike på den kompetansen fylkeskommunane har opparbeidd på akvakulturforvaltning, og ber om at denne viktige kompetansen vert inkludert inn i den faggruppa som vert oppretta av Fiskeri- og kystdepartementet. Fylkeskommunen er ein instans som sitt tett på aktørane gjennom tildeling og klarering av lokalitetar, og samstundes har dei godt og heilskapleg overblikk over næringa. Fylkeskommunane på Vestlandet (frå og med Rogaland til og med Møre og Romsdal) har gjennom fleire år hatt eit samarbeid innan marin sektor (*VestMarin: Vestlandssamarbeidet – Marin sektor*), og vil gjerne tilby å stille med ein representant i faggruppa på vegne av den tyngste oppdrettsregionen i landetⁱ

Fylkesrådmannens forslag til vedtak:

Dette vedtaket blir pga tidsfristen 18. april, gjort av AU på vegne av Vestlandsrådet. Uttalelsen sendes Fiskeri- og kystdepartementet.

- Den «grøne teknologien» bør først og fremst nyttast der miljøgevinsten er størst. Oppdrettsintensive områder eller dei mange nasjonale laksefjordane på Vestlandet vil vere aktuelle områder for utprøving av ny teknologi.
- Ulike deler av kysten har ulike utfordringar. Det kunne vere ein overordna gevinst at næringsaktørar prøver ut ulike driftsformer og ulike teknologiske konsept tilpassa dei ulike ver-, klima- og miljøtilhøve ein finn langs Norskekysten, og at denne variasjonen vert teke vare på i tildelinga.
- Både store, mellomstore og små aktørar er viktige for Vestlandet. Det er ein sjanse for at større aktørar har råd til å by høgare pris for løyvet enn det dei mindre aktørane har økonomisk høve til, sjølv om desse kan ha teknologiske konsept som er minst like gode som dei andre. For å ta vare på ein differensiert næringsstruktur, bør det difor settast ei grense på tal løyve ein aktør kan få.
- Fleire løyve bør vere reservert for små og mellomstore aktørar, og då i heile landet og ikkje berre i dei to nordlegaste fylka.
- Fylkeskommunane har gjennom fleire år opparbeidd ein solid kompetanse som vi meiner kan vere eit viktig bidrag inn i faggruppa som skal tildele løyve. Mange av våre medarbeidarar har ein spanande kombinasjon av relevant høgare utdanning (marinbiologi, fiskehelsebiologar etc.) og erfaring frå heilskapleg planlegging og

ⁱ Rapport frå Vestlandsrådet: Den maritime næringen på Vestlandet, Nøkkeltall, 2010. (2012)

erfaring frå fleire års arbeide mot og med akvakulturnæringa. Gjennom eit Vestlandssamarbeid innan marin sektor (*VestMarin: Vestlandssamarbeidet – Marin satsing*), og vil tilby å stille med ein representant i faggruppa på vegne av den tyngste oppdretsregionen i landet.

Vedtak:

Forslaget ble støttet av Rogaland; Hordaland og Sogn og Fjordane. Den er dermed ikke en Vestlandsrådsak.

Disse fylkeskommunene sender egne uttalelser i saka men legger samtidig ved forslaget til vedtak med henvisning til at disse tre fylkeskommune står bak dette.

AU-sak 6/13 Ferjedrift som flaskehals på kyststamvegen E39

Bakgrunn

Vestlandsrådet ba i møte 221012 arbeidsutvalet (AU) om sjå nærare på flaskehalsar som vi opplever langs kyststamvegen E39 som følgje av at ferjer vert tekne av drift. På ei hovudtransportåre som E39 bør det vere krav om reserverferje. Informasjonen er henta inn frå begge vegetatene. Som ein vil sjå så manglar nokre data frå region Midt-Noreg som ein ikkje har motteke alle svara frå ennå.

I dette notatet vert det sett på trafikkmengde (tal køyretøy og ÅDT), tal attståande bilar, tal passasjerar, kor ofte ei ferje vert teke ut av drift og krav til reservemateriell. Ferjesambanda Mortevisa – Arsvåg og Halhjem – Sandvikvåg er dei største ferjesambanda på E39.

Hele saken finnes som vedlegg.

Fylkesrådmannens forslag til vedtak:

1. Saka tas til orientering
2. AU oppfordrer fylkeskommunene til å medvirke til at det innarbeides klare betingelser i kontraktene om reserveferjer slik at tidsavbruddene i ferjetrafikken blir på et minimum. En bør særlig fokusere på flaskehals- og gjenståingsproblemer.
3. Vestlandsrådet får saka som melding.

Vedtak:

I tråd med fylkesrådmannens forslag.

AU-sak 7/13 Merkeordning for lærebedrifter på Vestlandet

Innleiing

Vestlandsrådet ba i sitt møte 051212 om at AU skulle vurdere ei sak om merkeordning for lærebedrifter. Saksframstillinga er i stor grad basert på erfaringar frå Sogn og Fjordane.

Kort om bakgrunnen

Næringsforum Vest har i skriv av juni 2012 til Vestlandrådet kome med fleire innspel med tanke på å styrke fagutdanninga.

Eitt av innspela inneber ei merkeordning for lærebedrifter. Gjennom denne merkeordninga skal lærebedriftene verte meir synlege, og kunne bruke dette meir aktivt i si marknadsføring.

Meir om aktuelle løysingar for ei merkeordning

Dagens ordning med lærebedrifter fungerer slik at dei får godkjenning som varer to år etter siste lærling er ferdig med læretida. Ei merkeordning som spelar på godkjenningsordninga som allereie eksisterer kan vere eitt av fleire aktuelle tiltak for å få fram fleire gode lærebedrifter.

Praktisk sett vil då lærebedriftene kunne bruke ei sams merking/ logo på heimesider, i brev, på bygningar og bilar m.m. Kundar som ser stempelet vil dermed sjå at dette er ei bedrift som tek samfunnsansvar, og er av god kvalitet sidan dei er godkjent lærlingbedrift.

Næringsforum tek og til orde for at Vestlandsfylka innarbeider klausular i alle innkjøpsdokument, dvs skal favorisere godkjende lærebedrifter som har lærlingar.

I innkjøpsstrategien for Sogn og Fjordane fylkeskommune har vi allereie eit punkt under leverandørutvikling som seier at i relevante innkjøp skal vi stille krav om at leverandør er lærebedrift og skal kunne tilby lærlingplassar. Vi er samtidig opptatt av at vi og nyttar ein innkjøpsstrategi som ikkje ekskluderer små- og mellomstore bedrifter i fylket.

Praksisen i Sogn og Fjordane er heimla i den ovannemnte innkjøpsstrategien som er vedteken av Fylkestinget. Å stille krav til at bedrifta skal vere lærebedrift kan vere aktuelt i samband med mellom anna følgjande innkjøp: bygg og anlegg,

kollektivtrafikktenester og nokre typer tenester som kurs og konferansar hjå hotell. Det er ikkje høve til ei generell fordelsbehandling av lærebedrifter (jf forslaget om innarbeiding av klausular i alle innkjøpsreglement).

Såleis kan vi slå fast at framlegget frå Næringsforum Vest om innkjøpsklausul ikkje kan gjennomførst. Alternativet er å setje krav i kontraktsvilkåra for dei kjøpa der dette er relevant. Dette kan ein også gjere utan å ha ei eiga merkeordning for lærebedrifter.

Fylkesrådmannens forslag til vedtak:

På grunnlag av vurderingane over oppmodar ein fylkeskommunane til å arbeide vidare med ei sams merkeordning for lærebedrifter. Dette bør skje med grunnlag i dagens godkjenningsordning for lærebedrifter, der ein utviklar ei sams merkeordning for lærebedriftene på Vestlandet.

Fylkeskommunane oppfordres til å bidra til at ordninga blir styrka og utvikla gjennom konkrete og aktuelle innkjøpsprosessar.

Vedtak:

I tråd med fylkesrådmannens forslag.

AU-sak 8/13 Forfall på fylkesvegnettet og el-tilstanden i tunneler

Bakgrunn

I møte i Vestlandsrådet 221012 blei det vedteke at AU skulle sjå nærare på en sak om forfallet på fylkesvegnettet. Likeeins blei det tatt opp spørsmål i Vestlandsrådets møte 051212 om el-tilstanden i tunnelane. Begge desse blir handsama i denne saka.

21. februar 2013 offentliggjorde Statens vegvesen ein rapport om kva det vil koste å fjerne forfallet på fylkesvegnettet. I samråd med fylkeskommunane har Statens vegvesen føreteke ei kartlegging av kva det vil koste å fjerne forfallet og gjere tilhøyrande nødvendige oppgraderingar på fylkesvegnettet. Kartlegginga omfattar ikkje identifisering, vurdering eller prioritering av strategiar for å fjerne forfallet. Kartlegginga omfattar ikkje kostnader for å rette opp manglande generell vegstandard (kurvatur, stigning, vegbredde etc.). Kartlegginga viser at det vil koste om lag 45 - 75 mrd. kroner å fjerne forfallet på fylkesvegnettet på landsbasis. Av dette knyter om lag 35 pst seg til vegoverbygningen (vegfundament og vegdekker), om lag 24 pst. til tunnelar, om lag 17 pst. til bruer og ferjekaier, om lag 14 pst. til vegutstyr og miljøtiltak og om lag 11 pst til drems- og avløpsanlegg.

Samla forfall på fylkesvegnettet på Vestlandet

Samla kostand for dei fire Vestlandsfylka for å fjerne forfallet og gjere tilhøyrande nødvendige oppgraderingar på fylkesvegnettet er om lag 18,5 mrd. kr. Den totale kostnaden er fordelt med 2,4 mrd. kr på Rogaland, 6,5 mrd. kr på Hordaland, 4 mrd. kr på Sogn og Fjordane og 5,6 mrd. kr på Møre og Romsdal.

*I dette dokumentet er resultatata frå dei fire Vestlandsfylka samanfatta.
Hele dokumentet finnes som vedlegg.*

Fylkesrådmannens forslag til vedtak:

1. Saka tas til orientering

2. Vestlandsrådet må følge opp tunnelsikringsaka i lys av regjeringas framlegging av NTP 12. april i år.

Vedtak:

I samsvar med fylkesrådmannens forslag

AU-sak 9/13 Overordna marin og maritim strategi for Vestlandet

Bakgrunn

På Vestlandsrådets møte 051212 vedtok rådet å sende over til AU følgjande forslag frå Jenny Følling: «Det skal utarbeidast ein overordna marin- og maritim strategi for Vestlandet».

Med grunnlag i dette fremja fylkesrådmannen slikt forslag for AU 23.01.13: «AU tar saka til orientering og føreslår at saka vart fremma til Vestlandsrådet med følgjande forslag til vedtak: 1. Det vert sett i gang eit arbeid for å utvikle ein overordna marin og maritim strategi for Vestlandet. 2. Til ekstern konsulenthjelp løyves kr 250 000,-. 3. Før arbeidet vert starta skal fylkesrådmannen godkjenne plan for strategiarbeidet.» AU gjorde 23.01.13 vedtak i samsvar med denne tilrådinga.

Med bakgrunn i dette vart det lagt fram sak for Vestlandsrådet 08.02.13. Tilrådinga var i samsvar med tilrådinga først frå fylkesrådmannen, dernest frå AU. Vestlandsrådet gjorde då slikt vedtak: «Saka utsettes og sendes AU for nærmere vurdering.»

Fylkesrådmannen er ut frå dette usikker på korleis denne saka no skal handterast. Eg vel ut frå dette å skissere 4 alternativ for AU 11.04.13:

1. *Saken tas ikke opp til behandling*

Saksområdene er noe Vestlandsrådet ikke har noen særlig mulighet til å påvirke. Både de maritime og marine næringer er av en slik art at de begge eksisterer i en slik konkurranse at selve markedet vil gi de beste resultater for næringene.

2. *Saken deles i to; en maritim og en marin, og disse behandles hver for seg*

Disse næringsgreinene er så forskjellige med hensyn til deres markedstilknytning og behov for støtte fra f.eks Vestlandsrådet. Det lages derfor en strategi for marine næringer og en for maritime.

3. *En tar bare opp den marine del i saken i en bred sammenheng*

Den marine del er sterkt avhengig av blant annet statlige myndigheters tildelingspolitikk og regler rundt miljøpåvirkninger. I en slik sammenheng vil

Vestlandsrådet kunne spille en rolle som et samlende uttrykk for denne viktige næringen for landsdelen.

Næringsgruppa i Vestlandsrådet mener at en bør konsentrere seg om marin sektor. Å inkludere maritim sektor ville bli en svært omfattende oppgave.

4. Det utvikles en strategi som kun gjelder havbruk i en snevrere forstand

Havbruk har vært i fokus i Vestlandrådets arbeid gjennom enkeltsaker og uttalelser til sentrale myndigheter. Gjennom å lage en strategi ville en kunne lage en samlet forståelse for denne tunge næringen for Vestlandet. Den kunne berøre hele bredden fra utvikling av nye arter, forskning, tillatelser og til forståelse av logistikk, transport og marked.

Når det gjeld punkt 1 over (ikkje behandling), viser eg til Vestlandsrådet sin nye politiske plattform som har følgjande 4 hovudoverskrifter:

- Samferdsle
- Påverke rammevilkåra for viktige næringar på Vestlandet
- Styrke Nordsjøsam arbeidet for Vestlandet
- Auke Vestlandet sitt regionalpolitiske handlingsrom

Fylkesrådmannens forslag til vedtak:

AU blir bedt om å klargjere vidare sakshandsaming

Vedtak:

1. AU ber Vestlandsrådet foreta en avklaring av det vidare arbeidet.
2. AU anbefaler at arbeidet avgrensnes til en marin strategi og viser til saksframleggets punkt 3 og 4.

AU-sak 10/13 Forslag til program for Vestlandsrådets møte 13.-14. mai 2013 i Loen

Denne saka er lik programmet under møteinnkallinga

AU-sak 11/13 Bevilgning til ferdigstillelse av kulturutredning

Bakgrunn

Vestlandsrådet behandler sak VR-sak 14/13 «Kulturutredningen 2014». I den forbindelse er det ønskelig med konsulenthjelp til ferdigstillelsen. Det søkes derfor om kr 20 000.

Fylkesrådmannens forslag til vedtak:

AU bevilger kr 20 000 til ferdigstillelsen av saka «Kulturutredningen 2014».

Vedtak:

I samsvar med fylkesrådmannens vedtak

Meldinger

M 6/13 Uttalelser sendt myndighetene

- Høring om forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden
- Nødkommunikasjon i vegtunneler
- Nedlegging av 110-sentraler

M 7/13 Saker under arbeid til neste møte i Vestlandsrådet

- ❖ Meld.St 13 (2012-2013) *Ta heile Noreg i bruk*
- ❖ Meld.St 18 (2012-2013) *Lange linjer-kunnskap gir muligheter*
- ❖ NOU 2013:4 *Kulturmeldingen 2014*
- ❖ Digitalt Vestland (Saka foreslås avgrenset til å omfatte politisk innstilling om utbygging av infrastruktur for digital utvikling.)
- ❖ Endelig behandling av reiselivsstrategi for Vestlandet

M 8/13 Høring om NTP 7. mai på Stortinget

Vestlandsrådet har mottatt en henvendelse fra Stortinget angående høring om NTP. Høringen finner sted 7. mai. Av henvendelsen går det fram at de fire vestlandsfylkene har fått tildelt 15 minutter hver frå kl 1530 til kl 1630. Vestlandsrådet har ikke fått tildelt egen tid. Spørsmålet er om alle eller noen fylkeskommuner eventuelt vil avgi noe tid til VR for en felles framføring når det gjelder ferjefri E39. Behovet for dette vil selvsagt være avhengig av innholdet i det konkrete forslaget som fremmes av regjeringen 12. april.

AU ønsker å tildele Vestlandsrådet noen minutter fra hvert fylke til å få presentert rådets synspunkt på regjeringens forslag angående ferjefri E39 som ble framlagt 120413 i NTP. Det bestemmes senere hvem som møter på vegne av fylkeskommunene.

M-sak 5/13 Uttalelser fra AU

Nødnett i vegtunneler

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Justis- og beredskapsdepartementet
Samferdselsdepartementet
Kommunenes sentralforbund
Statens vegvesen
Direktoratet for nødkommunikasjon
08.03.2013

Deres ref.: Saksbehandler: Odd Erik Hansgaard Saksnr. 13/6173-1
Direkte innvalg: +4791322463 Løpenr. 15887/13
Arkivnr.

NAUDKOMMUNIKASJON I VEGTUNNELAR

«Vestlandsrådet ber staten ta det økonomiske ansvaret for at det vert tilstrekkeleg naudkommunikasjon i alle dagens vegtunnelar - uavhengig av tunnallengde, trafikkmengd og kven som er tunnel-/vegeigar.»

Grunngjeving

Naudnett er planlagt å skulle gi radiodekning langs riks- og fylkesvegar. På Vestlandet har det – ut frå topografien vår – vore heilt naudsynt å byggje eit stort tal vegtunnellar for å utvikle samkvem og næringsutvikling i landsdelen. Vestlandsrådet kan ikkje akseptere at tryggleiken vår vert svekka gjennom manglande tilgang på naudkommunikasjon på ein stor del av vegnettet - slik det nok vert lagt opp til. I Sogn og Fjordane er det til dømes 190 vegtunnellar. Vi har forstått at staten no planlegg naudnett i dei tunnelane som har analogt samband. Ut over dette vil det berre verte dekning i tunnelar over 500 meter som har årsdøgntrafikk (ÅTD) på meir enn 5 000 køyretøy. I dømet Sogn og Fjordane er det rundt 95 tunnelar som er minst 500 meter, og så å seie alle av desse har lågare ÅTD enn 5 000. I praksis vil det bety at mindre enn 1/3 av dei lange tunnelane i fylket vil få naudnett. Fleire av desse er mellom 6 000 og 7 500 meter. Dette ikkje er akseptabelt. Den vidare planlegginga av naudnettet må difor ha som mål at dekninga skal verte mykje betre enn dette. Trafikktala kan ikkje verte vektlagde i så stor grad som staten her legg opp til. Når ei ulykke først er ute, vil konsekvensen vere den same anten tunnelen har høg eller låg trafikk. Brannvesenet, redningstenesta og ambulansemannskapa er avhengige av å kunne kommunisere med fagsentralen sin under transportar, for medisinsk rådgjeving, koordinering av møtekyring mv. Ei dårleg kommunikasjonsdekning i vegtunnelane vil difor sterkt svekke tryggleiken for folk i landsdelen vår.

Endring av 110 nødsentraler

ENDRING AV 110-NØDSENTRALER – UTTALLELSE

Arbeidsutvalget på vegne av Vestlandsrådet vil avgi følgende uttalelse:

1. Vestlandsrådet ber om at den varsla omorganisering av 110-sentralane på Vestlandet ikkje vert gjennomført så lenge det ikkje er lagt fram ei utgreiing som viser at omorganiseringa er tenleg ut frå nasjonale mål og regionale og lokale omsyn.
2. Vestlandsrådet ber DSB klårgjere det juridiske grunnlaget for å krevje oppløyst godt fungerande alarmsentraler som t.d. er organisert som eit IKS og tufta nettopp på brann- og eksplosjonsvernlova §

Forvaltningsregime i Hardangerfjorden

FORVALTNINGSREGIME I HARDANGERFJORDEN HØRING-FORSKRIFT OM NYTT FORVALTNINGSREGIME I HARDANGERFJORDEN

Vestlandsrådet har følgende uttalelse i forbindelse med høring av ovennevnte forskrift:

1. Vestlandsrådet, som er Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, er kjend med pågåande prosesser knytt til endringar i forvaltningsregimet for akvakulturnæringa. Rådet ber om at forslaget om eigen forskrift for Hardangerfjorden vert utsett og eventuelt vurdert i samanheng med andre pågåande prosessar.
2. Utkastet til forskrift inneheld ikkje konkrete mål for kva resultat ein vil oppnå, og korleis dette skal målast. Det er heller ikkje synt noko tidsperspektiv for forskrifta. Vestlandsrådet ber om at konkrete mål og tidsavgrensing kjem på plass før forskrifta eventuelt vert teken i bruk.

M-sak 6/13 NOU 2013: Hindre for digital verdiskaping

Regjeringen har sendt NOU 2013:2, Hindre for digital verdiskaping, på høring. Verken fylkeskommunene eller Vestlandsrådet var på høringslisten. Fylkesrådmannen ønsker likevel at Vestlandsrådet sender forslaget til uttalelse til Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet, selv om fristen er gått ut.

«NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping - Høringsuttale

Regjeringa har oppnemnd eit utval som har vurdert moglegheitene og hindringar for digital verdiskaping. Utvalet sin rapport, "NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping", er sendt på høyring, med høyringsfrist 22. april 2013.

Av samandraget går det fram at offentleg sektor produserer, samlar inn og forvaltar store mengder data. Dette gjeld til dømes kartdata, meteorologiske data, trafikkdata, økonomiske- og statistiske data. Datasetta kan brukast som råstoff til å lage digitale tenester. Moglegheita for å nytte offentlege data til verdiskaping gjennom nye tenester avheng av om dei er tilgjengelege og korleis dei blir gjort tilgjengelig. Digitutvalet meiner at

auka deling av data frå offentleg sektor er viktig for digital verdiskaping og at dette er eit område regjeringa må prioritere sterkare enn i dag.

Fylkeskommunane er ikkje nemnd spesielt på høyringslista, men *vestlandsfylka* har eit spesielt ønskje om at regjeringa retter søkelys på graderingsregimet for høg oppløyslege djupne-data og terrengmodeller. Dette for å vidareutvikle forvaltinga av våre kystnære ressursar. Til dømes har forsvaret store mengder djupedata som ikkje er gjort offentlege. Havforskningsinstituttet, Norges geologiske undersøkelse og Kartverket har teke initiativ til eit kartleggingsprogram i kystsona (Kyst-Mareano). Kartleggingsprogrammet Mareano, som har pågått sidan 2006, har undersøkt deler av havbotnen i Barentshavet og utanfor Lofoten. Kartlegginga har resultert i ein stor kunnskapsbank og ein omfattande kartteneste. No er det teke initiativ til å få til ein tilsvarande kartlegging av den langstrakte kysten i Noreg. For at Kyst-Mareano som kartleggingsprogram i kystsona skal kunne lykkast, er det heilt avgjerande at dagens graderingsregime vert endra på ein måte som tek omsyn til dei mange ulike brukarbehova i kystsona. Det må også vere lett å administrere tilgangen til slike data både for offentlege og private brukarar.

Eit slikt kartleggingsprogram vil gjere kommunar og fylkeskommunar i stand til å møte krava til regjeringa om meir kunnskapsbasert og berekraftig planlegging og ressursutnytting av kysten vår.»

Forslag til vedtak:

Meldingene tas til orientering

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.